

Styrk den offentlege tannhelsetenesta fyrst!

Tannhelsereforma er i gang. I 2022 fekk 21 – 22 åringane halv pris på tannhelse i den offentlege fylkeskommunale tannhelsetenesta, det kom fleire midlar til den offentlege tannhelsetenesta, og kapasiteten til behandling for traumer og odontofobi (TOO) ble økt. For 2023 vart retten til halv pris utvida til også å gjelde for 23– 26 åringane. Konkret betyr det for Vestland at i 2022 fekk 6375 21- og 22-åringane behandling til halv pris i den offentlege tannhelsetenesta, og ventetida for å få behandling for traumer og odontofobi er redusert med et halvt år. Dette er ein av de største utvidinga av tannhelsetenesta på fleire tiår.

Tannhelseloven er utdatert. Derfor er det veldig gledelig at det no er i gang ein full gjennomgang av tannhelseloven. Tannhelseutvalet ble satt ned sist sommar og vi ser frem til forslag på ulike alternativ for regulering av priser og innføring av nødvendige refusjonsordningar. For mange av oss er målet at ingen skal betale meir i eigendel for tannhelse enn ein gjer i resten av helsevesenet.

Samtidig står den offentlege tannhelsetenesta ovenfor store utfordringer som uansett kan adresserast mens ein venter på tannhelseutvalgets arbeid. Derfor er det en bevisst strategi å umiddelbart starte utbyggingen av den offentlege tannhelsetenesta og sikre aukt kapasitet i de fylkeskommunale tenestene. Gjennom år med manglande bevilgningar til den offentlege tannhelsetenesta er det ikkje tvil om at mange steder i landet trengs det nye lokalar, nytt utstyr og auka kapasitet. I tillegg har den offentlege tannhelsetenesta utfordringar med å rekruttere personell. I konkurranse med private tannlegar i byene, så taper tannlegane i det offentlege og i distriktet.

Ved fyrste augekast kan det synes merkeleg at ein vel å utvide tannhelsetilbodet til 21-26 - åringane, ei gruppe som i utgangspunktet har veldig god tannhelse frå før. Men det er to grunner for akkurat denne gruppa. For det fyrste er det en aldersgrupper kor mange har lite inntekt, mange er studentar, og mange sluttar å gå til tannlegen fordi de ikkje har råd. Derfor er det et viktig bidrag til en gruppe med lav inntekt å halvere kostnaden for tannhelse. For det andre, og kanskje lik så viktig, er det å utvide pasientgruppa i den offentlege tannhelsetenesta med ein meir variert pasientgruppe som trenger lite ressursar, en måte å utvide kapasitet og sikre rekruttering. I tillegg til barn og ungdom, har den offentlege tannhelsetenesta ansvaret for psykisk utviklingshemma, eldre, langtidssyke og uføre i institusjon og heimesjukepleie, samt ruspasientar. Mange av de sjukaste og mest ressurskrevjande pasientane. Det å utvide pasientgruppa med i all hovudsak friske 21-26- åringar, er også derfor også et rekrutteringstiltak for den offentlege tannhelsetenesta.

Det viktigaste er likevel at de første hundre millionane, og etter kvart milliardane til tannhelse faktisk kommer i form av betre tannhelse, og ikkje som profitt i velferda og hamner i skatteparadis. Vi står nå ved et vegval, om kva for retning man skal velge for en tannhelsereform.

Det er ikkje vanskeleg å pøse på med milliarder i en ny tannhelsereform, der vi betaler heler eller deler av regningen til den allerede svært privatiserte tannhelsetenesta i Norge. Men vi vil da ha svært liten kontroll på om offentlege midlar hamner som profitt i velferda og i skatteparadis. Og denne strategien gjer det heller ikkje enklare å rekruttere tannlegar til de eldre og uføre, barn og langtidssjuka som trenger behandling i den offentlege tannhelsetenesta.

Derfor må innføring av ei tannhelsereform verte gjennomført med klokskap og politisk styring. Vi kommer ikke unna at 80% av alle tannlegane i landet jobbar i den private tannhelsetenesta. Samtidig har den offentlege tannhelsetenesten store utfordringar og har vært underfinansiert i årevis. Og det er i valget mellom hvor de første milliardane til en tannhelsereform skal gå, at man bør holde stø kurs på å styrke den offentlege tannhelsetenesten. Det er den einaste og sikraste måten å hindre profitt i velferden og få mest tannhelse igjen for pengene. Tannhelsereforma er den store nye reforma for fylkeskommunen.

Spørsmål til fylkesordføraren:

- For å sikre tannhelse til heile befolkninga i heile Vestland, er fylkesordføraren einig i at når ein ruller ut ein tannhelsereform, så bør ein starte med å styrke og utvide den offentlege fylkeskommunale tannhelsetenesta?

- Kva meiner fylkesordføraren er riktig strategi og tiltak for å sikre rekruttering og auke kapasitet innan den offentlege tannhelsetenesta i Vestland på kort og lang sikt?

Framlegg til vedtak:

For å sikre eit tannhelsetilbod til heile befolkninga i Vestland, er det viktig at ein i gjennomføringa av ei tannhelsereform styrker og utvider den offentlege fylkeskommunale tannhelsetenesta. Vestland fylkeskommune erkjenner at ein har rekrutteringsutfordringar og kapasitetsutfordringar på kort sikt og ein ber administrasjonen komme attende med forslag til rekrutteringstrategi og tiltak for auka kapasitet.